

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 03.06.2022
Vår ref.: 202209926-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 22/2539 - 22/3653

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE si fråsegn til søknad om dispensasjon for etablering av vassleidning Eidsvatn - Sjursetvatn - Gnr 113 bnr 2 mfl. Alver kommune

Vi viser til brev datert 11.05.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå fleire arealplanar for å etablere ny vassleidning mellom Eidsvatn og Sjursetvatn for forsyning av industrivatn til Mongstad

Søknaden de har sendt over no gjeld ein ny parsell av eit større vassforsyningsanlegg til erstatning for eksisterande. Slik vi tolkar sakspapira gjeld søknaden berre den fysiske leidningen, og ikkje endring av vassuttak og regulering av magasin. Eventuell auke i uttak av vatn, og/eller endra regulering av magasin må handsamast i ein eigen prosess etter vassressurslova.

I følgje søknaden skal vassleidningen gravast ned på strekningen det er søkt om no, mellom Syslokvågen og Sjursetvatn. Leidningen går ut i Sjursetvatn. Vi oppmodar dykk om å sette som vilkår for ein eventuell dispensasjon, at inngrepet skjer skånsamt i høve til kantvegetasjon og vassmiljø. Grøfta bør etablerast slik at den ikkje drenerer ut myrar i området.

Vassleidningen kryssar BKK sin høgspenteleidning Mongstad – Seim. Tiltakshavar bør kontakte BKK slik at anleggsarbeidet skjer i forståing med netteigar.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:

Alver kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND